



Norsk studentorganisasjon

HANDLINGSPLAN 2019/2020

Handlingsplana er landsmøtet si plan for kva Norsk studentorganisasjon skal leggje vekt på det neste året. Plana legg føringar for kva politiske prioriteringar organisasjonen skal gjere i perioden, og kva organisasjonen skal leggje vekt på i arbeidet sitt. Dette dokumentet legg grunnlaget for det politiske og organisatoriske arbeidet i organisasjonen, saman med statsbudsjettkrava som er vedteke av sentralstyret. Handlingsplana er ikkje uttømmende for organisasjonen sitt arbeid gjennom året.

STUDENTLIVET

NSO skal arbeide for

- betre støtteordningar for studentkultur og studentidrett.
- at det blir investert og forska på i førebyggjande tiltak for å betre studentane si psykiske helse.
- at studentar blir omfatta av yrkesskedeforsikringslova.
- å betre dei økonomiske vilkåra og tilrettelegginga for gravide studentar og studentar med barn.

INTERNASJONALT

NSO skal arbeide for

- å redusere visumavgifta og eigenkapitalkravet for internasjonale studentar, og samtidig innføre moglegheit for å betale visumavgifta som ein eingongssum.
- at det må leggjast til rette for at flyktingar som kjem til Noreg skal kunne halde fram med sin høgare utdanning og inkluderast i det akademiske miljøet.
- studentrepresentasjon i globale fora og være en tydelig stemme for gratis høgare utdanning internasjonalt.

UTDANNINGSKVALITET

NSO skal arbeide for

- at studentar får betre fagleg oppfølging.
- at sektoren jobbar for at verda når FN sine berekraftsmål i henhald til Agenda 2030.
- at all praksis i høgare utdanning skal gi studiepoeng.
- At alle studentar skal få oppleve eit academia kor deira språklege behov vert møtt - både fagleg og identitetsmessig.
- Å følge opp arbeidet med revideringa av Universitets- og høgskolelova.
- Øke andelen innovasjon og entreprenørskap i høyere utdanning.
- En nasjonal kartlegging av studentar med tilretteleggingsbehov.

INTERNPOLITISK

NSO skal arbeide for

- å inkludere eit mangfald av studentar i organisasjonen.
- å utvikle organisasjonen sine kurstilbod og gjere dei betre kjent for medlemmane.
- at organisasjonen følger opp studentar valt til eksterne råd og utval.
- jobbe for å inkludere sentralstyret sine varaer i arrangement i NSO.
- at resultatane frå den årlege medlemsundersøkinga blir nytta til å gi UHR konkrete forslag for sikrere og styrka drift av lokale studentdemokrati.
- nytte dei politiske komiteane på ei effektiv måte og gjere arbeidet deira meir tilgjengeleg for medlemslag.

